



Gåso i Nåso er eit kjent kjælenamn i bygda vår og no er ho på plass att. Ho har vorte ein slags signatur for Uskedalen om sommaren.

Men med fåre for å opna ein liten sommarleg diskusjon kjem vi med desse spørsmåla: Er det ikkje ei gås som er å finna under fjelltoppen? Er det heller ei svane, med den lange halsen sin?

Den som har fått oss til å komma med ein så formasteleg tanke er noko som kollega Eva Røyrane skreiv i si storslagne bok 'Ei reise i Hardanger' for rundt rekna 10 år sidan.

Her skildra ho mellom mangt anna ein fisketur på fjorden i Ølve i ein vakker morgonstund.

Ikkje minst var ho inne på alt det fine fiskarane hadde å kvile augane sine på, og her raga Uskedalsfjella naturleg nok høgt.

Ho skreiv dette:

'Ei svane på Ulvanosi. Eit årvisst landemerke. Snøfleckene i ura nordom fjelltoppen smeltar sjeldan heilt vekk. I år er det fint lite att av halsen'.

Kva meiner du - ei gås eller ei svane?

Av Ola Matti Mathisen